


NR. 7

DESEMBER 2002

35.ÅRG.



Kjell Nese slutter

side 4, 5 og 6

Det er oss det handlar om!

AV BISKOP OLE D. HAGESÆTHER

Det var ei stor forteljing. Ho var vakker, men ho var lang, og eg var liten. Det hende at eg sovna, men eg hørde dei fortalde.

Men så oppfatta eg at no tala dei om meg! Då måtte eg høyre etter!

Min vesle livsforteljing var på ein merkeleg måte vove inn i den store forteljinga. Mitt liv var felt inn i andre sine liv og i Gud sine draumar.


Den store forteljinga handla om krig og fred, liv og død, det

håpefulle og det svikefulle, troløyse og brennande kjærleik.

Mi vesle livsforteljing handlar om kveldsbøn og tryggleik, lyst og leik, von og vonbrot, tru og tvil.

Men då eg først hørde etter, då oppdaga eg at ho passa utruleg godt inn i den store forteljinga, og at den store forteljinga gav meg nøklar så eg kunne tolke mi eiga vesle livsforteljing.

Og då eg skjøna at det er ein



levande Gud som handlar i den store forteljinga og at han sjølv er medvandrar, då vart det viktig for meg å stadfeste det eg hadde sett og høyrd.

Eigentleg var eg jo lukka inn i den store forteljinga alt då eg vart døypt. Men først då eg tok konsekvensane av det eg no visste, vart eg medviten og ansvarleg til stades. «Han kom til sitt eige», seier evangelisten Johannes i ein av juletekstane, «og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle

dei som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans». (Joh. 1,11-12)

Det handlar om meg og deg og alle Guds skapningar når juleforteljinga vert fortald. I den store forteljinga er vi jo berre kvar for oss ein liten del. Men den vesle livsforteljinga vår får meining og retning og mål når ho vert felt inn i Guds store frelsesforteljing.

67.000 kr. frå basar

Trekningsliste - hovudlotteriet

Arna kyrkjelydshus

1. Midtuke-Cruise (Fjord Line)
Ole Petter Livden
2. Brystduk og belte Hausbunad
Terje Takvam
3. Dobbelt vaffeljern *Fam. Grøneng*
4. Kaffebord 8 pers. *Gerd Nævdal*
5. Dukke m/klær *Fam. Åsgard*
6. Smykkeskrin *Sofie Grøteide*
7. Duk *Vegard Høisæter*
8. Pyntet porselensdukke
Hjørdis Gaupholm
9. Sengesett
Sigrunn Gjerdre Arefjord
10. Løperhjul *Ingeborg og Kari Seim*
11. Hekla duk *Målfrid Solberg*
12. Hekla serviettbrikke *Jorunn Dahle*
13. Akvarell *Eva og Lars Taule*

14. Duk *Torbjörg Mjelde*
15. Ryggsekk *Molly Nese*
16. Radio *Astrid Berge*
17. Telefon *Bente Kvammen*
18. Duk *Britt N. Vorland*
19. Rosa teppe *Greta Kjørlaug*
20. Teppe *Helene Halsvik*
21. Bamsegenser *Turid og Atle Vie*
22. Barnegenser *Helge Helgesen*
23. Modelljakke *Målfrid Solberg*

I alt fekk vi inn kr. 67.000 på basaren til Kyrkjelydshuset. Kyrkjeringane takkar alle som var med og støtta årets basar. Vi takkar for alle gaver, både frå enkeltpersonar og firmaer, takk og til Kjell Nese som hadde andakt, og Keryx som song for oss. Kyrkjeringane



KYRKJESKYSS

**Arnatveit/Indre Arna/
Ytre Arna-vegen**

- 15.12.02. Jostein Monstad tlf. 55 24 32 20
22.12.02. Arne Håøy tlf. 55 24 03 26
25.12.02. Odd Kjos tlf. 55 24 17 82
26.12.02. Per Eide tlf. 55 24 15 15
29.12.02. Jostein Monstad
01.01.03. Arne Håøy
05.01.03. Odd Kjos
12.01.03. Per Eide
19.01.03. Jostein Monstad

Tunes/Garnes


- 15.12.02. Leidulf Almenning tlf. 55 24 25 52
22.12.02. Kari Claussen tlf. 55 24 12 20
25.12.02. Per Vie tlf. 55 24 07 26
26.12.02. Malvin Klementsens tlf. 55 24 29 56
29.12.02. Ragnar Aabrekk tlf. 55 24 25 27
01.01.03. Leidulf Almenning
05.01.03. Kari Claussen
12.01.03. Per Vie
19.01.03. Malvin Klementsens

Haukeland

- 15.12.02. Sverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
22.12.02. Ingrid Hope tlf. 55 95 01 11
25.12.02. Sissel Minde tlf. 55 24 28 34
26.12.02. Gerd Boge tlf. 55 24 17 44
29.12.02. Sverre Myklebust
05.01.03. Sissel Minde
12.01.03. Gerd Boge
19.01.03. Sverre Myklebust

Kjell Nese sluttar som Arna-prest

Nokon kriskra stilt: «Presten skal slutta ved nyttår». Kviskringa nådde omsider fram til Kyrkjelydsbladet, og ein kar vart sendt av stad for å undersøka ryktet, og det viste seg å vera sant – altfor sant. Her er nokre data om presten vår: Kjell Nese vart fødd i Våle i Vestfold, og skulen han gjekk i var firdelt. Godt vaksen tok han eksamen artium på Voss lands gymnas i 1959. Han tenkte alvorleg på å verta bygningsmann, men det enda med teologi. I 1965 var han ferdig på Menighetsfakultetet, og året etter vart han ordinert av biskop Dagfinn Hauge. I 1 1/2 år var han feltprest ved Sambandsavdelinga på Jørstadmoen, og han treivst med utfordringane. Han fekk respekt for befalet og vart glad i soldatane, og å dra tunge pulkar var like kjekt som å sova i snøholer. Etter dette var han sokneprest i Vossestrand frå 1968 til 1990, i meir enn 21 år. 12. januar 1990 vart han innsett som sokneprest i Arna, og her har han hatt 12 gode år. Han ottast overgangen frå det stabile miljøet i Vossestrand til «bygdebyen» i Arna, men suta var grunnlaus. Han vart akseptert og møtte velvilje kvar han kom. Kyrkja har sterke røter i Arna, 94% av folket står i statskyrkja. Ved visitasen i 1992 roste biskop Lønning kyrkjelyden i Arna for svært godt og trufast arbeid. Kjell Nese var i fleire år prost i Åsane/Arna prosti. Kyrkja har no to tekstrekkjer mot tre før. Ved kvar gudsteneste vert det lese eitt stykke frå det gamle testamentet, eitt frå breva, Openberringa eller Apostelgjerningane, og eitt frå evangelia. Attåt desse er det sett opp nokre tilleggstekstar for kvar preikedag. Tekstrekkja er sett opp slik at alle sentrale tema i Bibelen er med i årsplanen. Søndag ettermiddag finn Kjell Nese fram teksten for neste søndagen slik at preika kan modnast fram gjennom veka, innimellom alle andre gjeremål. Han skriv alltid høgmessepreika, men ikkje andakter. Ved familiegudstenester vert han gjerne påverka av responsen frå borna, så då kan han stundom leggja papiret



til sides. Utanom den vanlege høgnessa er det familiegudsteneste, skulegudsteneste og stundom forbønsgudsteneste. Presten saknar andre typar gudstenester, til dømes temagudstenester, men noko slikt ville krevja eit større «hjelpekorps», og det har ein ikkje hatt.

Det er ved vemod, ja, lett sorg, at presten førebur seg til å «gå frå borde». Han har vore prest for Arna-folket, han har vorte glad i folket, og han har vorte endå meir glad i å vera prest i folkekyrkja. Han ser det ønskjeleg med reformer i kyrkja der det trengst, men ein må tenkja vel over kva ein gjer før ein riv kyrkja laus frå staten, meiner han.

Presten sluttar. Mange sit att med gode minne etter han. Han har gjeve så mykje – i preik og i andakt, og i private samtalar. Dei sørgjande har fått hjelp og trøyst i dei vonde dagane, og brurfolket har fått kloke råd med på vegen. Mange stolte foreldre har fått fine bilete til albumet av presten som løfter «gullungen» deira høgt over hovudet og viser han fram for alle i kyrkja, med kommentaren «Erik – Guds barn», og stundom med tillegget «Han søv». Heile kyrkjelyden har tykt dette var både rørende og godt å oppleve.


Presten har gjeve oss så mykje. Eit spørsmål lurar seg fram: Kva har me gjeve att? Har me prøvd å ta eit tak med når han sleit? Presten sluttar ved nyttår. Planane for framtida er førebels ikkje fastlagde, men ein ting veit han: Han aktar ikkje å verta sitjande i gyngestolen når han no vert pensjonist! Var det forresten nokon som hadde trudd

Erling Mjelde, bydelsleiar i Arna:

-Gode opplevingar

Utgangspunktet er vel ikkje eg den som sterkast har tråkka ned dørstokken i kyrkja. Men den kontakt eg har hatt med sokneprest Kjell Nese har alltid vore veldig positiv for meg, seier bydelsleiar Erling Mjelde til Kyrkjelydsbladet.

-Det er særleg i samband med friluftsgudstenestene i fangeleiren på Opeland eg har hatt nær kontakt med Kjell Nese. Då eg la ideen om slike gudstenester fram for ham, tok han ideen på strak arm. Det var eindel som måtte ryddast opp i leiren og det skulle gjerast på dugnad. Her stilte Kjell Nese opp i dongeri og tok del i arbeidet med liv og lyst. Det imponerte meg. Det gjorde også måten han gjennomførte gudstenestene på. Kjell Nese står for meg som en folkeleg prest. Eg har veldig gode opplevingar med han, seier



Ove Skjoldal, soknerådsleiar i Arna:

-Ein kunstnar

Kjell Nese er ein kunstnar når det gjeld å møta ein forsamling. Eg har aldri møtt nokon annan som er så god som det Kjell Nese er til å finna stemninga og atmosfæren og vidareutvikle den i ein form som skapar glede. Ved barnedåp, bryllup og familiegudstenester skapar Kjell Nese ein nærleik for alle som er til stades, seier Ove Skjoldal, soknerådsleiar i Arna sokn.

Kjell Nese er ein einer i å møte folk der dei er. Med den bodskapen han har, har han evna å møte den einskilde. Han er kunnskapsrik og har djup innsikt i dei kristne kjerneverdiane. Det har vore store opplevingar for mange å sitja under Kjell Nese sin preikestol og ope ta imot det han

har delt med dei gjennom desse åra han har vore prest i Arna. Kjell Nese har evna å utnytte folkekyrkja på ein heilt einestående måte. Han har også vore den store diakonen som har tatt seg av menneske og gitt omsorg til den einskilde. Arna sokn er ein av dei kyrkjelydar i distriktet med høgast besøkstal og medlemstal. Kjell Nese har vore med og bidratt til dette.

Som eit døme på dette trekk Ove Skoldal fram andakten Kjell Nese holdt på julefesten i Klubben til dei psykisk utviklingshemma. I andakten bruka han eit utstoppa esel. Sjølv om det er to år sidan Kjell Nese heldt denne juleandakten, blir det framleis snakka om den, seier Ove

– Ja-menneske

Eg trur knapt det er nokon her i Ytre Arna og på Haugland som ikkje har syntes godt om soknepresten vår. Eg har fått mange positive tilbakemeldingar frå menneske i ulike livssituasjonar som er taknemlege og glade for måten Kjell har møtt dei på. Og dette har og kome frå personar som ellers ikkje har så mykje med kyrkja å gjere. Personleg har eg sett stor pris på å samarbeida med Kjell og eg veit han har vore til stor hjelp og inspirasjon for kyrkjelydsarbeidet her hos oss. Kjell må vel vera eit typisk ja-menneske og det kan nok ha kosta han mykje av tid og krefter. Replikken «Tenk, Kjell sa ja!» har eg høyrte fleire gonger. Og for dei av oss som av og til må spørja presten om ei teneste, har det vore kjekt å få eit ja. Så har vi gjerne undra oss over kor han får kreftene og overskotet frå til å ha eit så tett

program kvar dag. Men eg har opplevd det slik at Kjell har gledd seg over den tenesta han har fått stå i. Denne gleden har vi ikkje minst fått merka på gudstenestene i kyrkja. Dei av oss som til dømes har fått vera med på familiegudsteneste med mange barn, unge og voksne samla, gløymer ikkje lett dette. Og eg trur at Kjell har gledd seg over å få peika på Jesus som Frelser og Herre. Kanskje har gleden over å formidla evangeliet vore den eigentlege kraftkjelda? Eg er ikkje i tvil om at det er mange som vil sakna Kjell Nese når han no sluttar. Kyrkjelyden i Ytre Arna og på Haugland ynskjer at han må få mange gode pensjonistår på Voss. Og kjenner eg Kjell rett vil han ikkje «leggja inn årene», men vera ein aktiv og engasjert pensjonist, seier Jan Skorpen, soknerådsleiar i Ytre Arna.


Avskilsgudstenester

Sokneprest Kjell Nese skal ha fire avskilsgudstenester i Arna prestegjeld i desember. Første avskilsgudsteneste vert halden i Takvam kapell **søndag 15. desember kl. 16.00.**

I Ytre Arna kyrkje vert det avskilsgudsteneste **søndag 22. desember kl. 11.00.** Arna og Ytre Arna kyrkjekor, Haugland Skulemusikk, Arne Musikforening og Ytre Arna Barne- og Ungdomskor tel del. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffe i kulturhuset Sentrum.

På Trengereid vert det avskilsgudsteneste **2. juledag kl. 11.00.**

I Arna kyrkje vert det avskilsgudsteneste **søndag 29. desember kl. 11.00.** Tensing-koret Keryx, Arna og Ytre Arna kyrkjekor og Arna kyrkjes kammerkor tek del. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffe i Kyrkjelydshuset. Her vert det servert betasuppe etterfulgt av kaffe og bløtkake.




Fotball og moro hele natta

Hele 850 ungdommer fra hele Bergen var natt til forrige lørdag med på Nattcup i Haukelandshallen.

Kvelden startet med Ung Messe og fortsatte med masse fotball og dessuten konsert klokken ett om natta.

Konfirmantene fra Arna stilte med to lag. Det ble både seire og tap, men guttene syntes det var surt å bli slått ut på loddtrekning i kvartfinalen!



Julearrangement

Julekonsert

Ytre Arna kyrkje søndag 15. des. kl. 17.00.
Ebeneser, Koret på Sporet, Arna Skulemusikklag, Arne Musikforening, Arne Sangforening.
Kollekt.

Vi syng jula inn i Arna kyrkje!

Onsdag 18. desember kl. 19.00
Ytre Arna og Arna kyrkjekor
Arna Kyrkjens Kammerkor
Songgruppa Joy
Audun Møllerup Boge, klarinett
Kantor Christopher Briggs, orgel
Kateket Hans Petter Dahl, andakt
Kollekt
Bli med og syng dei gamle og kjære julesongane saman med oss!

Julefest for heile familien

i Indre Arna bedehus
fredag 27. des. kl. 17.00.
Andakt v/kateket Hans P. Dahl.
Song av «Barnerøster».
Juletrengang. Bevertning.
Arrangør: «Barnerøster» og søndagsskulen.

Haukeland songlag

Julekonsert i Arna kyrkje søndag 22. desember kl. 20.00 og 22.00
Trine Daviknes: dirigent
Jentekoret ved Høgskulen i Bergen, Maria Gamborg Helbekkmo: dirigent. Geir Botnen piano
Billetter kr. 100 ved inngangen fra kl. 19.30. Forsalg: Sarepta, Øyrane Torg.

Julefest

i Indre Arna bedehus
Laurdag 4. januar kl. 18.00.
Tale av rektor Bjarne Kvam.
Song av Arna Kirkes Kammerkor.
Opplesning v/Solveig Apeltun.
Musikk v/Aud og Per.
Juletrengang. God mat.
Du er velkommen.
Arr.: I. Arna indremisjon

Julefest for dei eldre

Det vert julefest for dei eldre frå Ytre Arna og Haugland på **Kulturhuset Sentrum** **søndag 12.01.02. kl. 16.00.**
Tale, program, bevertning og juletrengang.
Musikk av Arne Musikkforening.
Alle velkomne.
Ytre Arna sokneråd og Saniteten i Ytre Arna.



Gjester på julaften


Erling Osland og familien hans har de siste fem årene invitert folk som ellers ville sittet alene på julekvelden til en felles feiring. De fire første årene ble arrangementet holdt i Kyrkjelydshuset, mens det i fjor ble holdt hjemme hos familien Osland i Eikhaugen.

Erling Osland sier at dette var vært fantastiske opplevelser som har gitt han og familien mye. Tilbakemeldingene fra de som har vært med har også vært veldig gode.

Men i år har familien Osland ikke anledning til å ta på seg dette arrangementet. Erling Osland har derfor utfordret Diakonitvalget i Arna kyrkjelyd til å finne en løsning.

Administrasjonsleder Berte Marie Ulveseter sier at kyrkjelyden vil prøve å få dette til. Hun oppfordrer folk som ellers ville sittet alene hjemme på julaften og som ikke ønsker det om å ta kontakt med kyrkjelydskontoret. Samtidig oppfordrer hun familier som ønsker å ta imot gjester i hjemmet sitt på julaften om å ta kontakt. Vi håper at vi kan føre videre den gode tradisjonen Erling Osland og familien hans har satt igang, sier Berte Marie Ulveseter.

På det meste var det 26 gjester på julaftenarrangementet i Kyrkjelydshuset, forteller Erling Osland.
-Men i fjor var det så få som meldte seg at



Vi har hatt stor glede av å ha gjester hjemme hos oss på julekvelden, sier Erling Osland.

vi tenkte at vi like godt kunne ha det hjemme hos oss. Og det var i grunnen minst like greit. Det ble jo mer intimt å ha det i et hjem, sier han. Seks gjester deltok sammen med familien. Tilbakemeldingene har vært veldig gode. Folk har satt stor pris på dette tiltaket, sier Erling Osland. Han håper at tradisjonen blir ført videre. Kanskje er det noen som kan ta imot en eller to gjester hjemme hos seg på



ALPHA-KURS våren 2003

Fredag 24.januar blir det Alpha-middag i kyrkjelydshuset i Indre Arna. Håper at det er mange som setter av denne kvelden.

Denne dagen inviterer Alpha Norge alle menigheter til en nasjonal Alpha-middag.

På Alpha-middagen fredag 24.januar er det Steinar Opheim som skal snakke om temaet: **Er kristendommen kjedelig, usann og irrelevant?**

"Koret på sporet" vil sørge for musikken denne kvelden.

Alpha-kurset starter opp mandag 27.januar.

Kurset er både for dem som har vært kristne hele sitt liv og for dem som opplever å være fremmed for den kristne tro.

Vi kommer sammen for å dele tanker om tvil og tro, og å gi åndelig fellesskap og vekst.

Vi legger stor vekt på det sosiale og fellesskapet.

Kveldene startet med felles måltid. Deretter blir det sang og undervisning, før vi går i grupper.

I gruppene diskuterer vi ting som har med kveldens tema å gjøre.



Program for våren:

- Mandag 27.01: Hvem er Jesus? v/ Kari Secher
Mandag 03.02: Hvorfor døde Jesus? v/ Elsa Søvde
Mandag 10.02: Hvordan kan jeg vite at jeg tror? v/ Ådne Skiftun
Mandag 17.02: Hvorfor og hvordan lese Bibelen? v/ Eivind Bjørnar Hetlevik
Mandag 24.02: Hvorfor og hvordan kan jeg be? v/ Birgit Opheim
Mandag 10.03: Hvordan leder Gud oss? v/ Gunnar Myrbakk

- Fredag 14.03-
søndag 16.03: Week-end samling på Wallemtunet.
Tema som taes opp: Hvem er Den Hellig Ånd?/ Hva gjør Den Hellige Ånd?
Hvordan bli fylt av Den Hellige Ånd? og Hvordan gjøre det beste ut av resten av mitt liv? v/ Steinar Opheim

- Mandag 17.03: Hvordan kan jeg motstå det onde? v/ Kari Myhr
Mandag 24.03: Hvordan fortelle andre om det? v/ Bjørg Albrechtsen
Mandag 31.03: Helbreder Gud i dag? v/ Sverre Kristoffersen
Mandag 07.04: Hvilken betydning har menigheten? v/ Svein Inge Myhr

Sett av mandagskveldene til våren. **Du er hjertelig velkommen.**

Meld deg på til Kyrkjekontoret i Arna tlf. 55 24 04 00

Velkommen til kyrkje

- 04.12. Trengereid kl. 18.00.** Ljosmesse. Kjell Nese og Erik Rodal. Skulen tek del.
- 08.12. 2. s. i Advent – Luk. 21,25-3**
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Kyrkjekoret.
Unneland kl. 18.00. Ljosmesse. Erik Rodal og Hans Petter Dahl.
Ytre Arna kl. 17.00. Ung Messe. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til konfirmantarbeidet.
- 15.12. 3. s. i Advent – Matt. 11,2-10**
Arna kl. 11.00. Olav Vikse. Dåp.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Dåp.
Ytre Arna kl. 17.00. Julekonsert. Arne Sangforening. Koret på sporet. Ebeneser. Arna Skulemusikk, Arne Musikforening/Musikklaget Janus.
Takvam kl. 16.00. Avskilsgudsteneste, Kjell Nese.
- 22.12. 4. s. i Advent – Rom. 16,25-27**
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer.
Ytre Arna kl. 11.00. Avskilsgudsteneste. Kjell Nese. Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Haugland Skulemusikk og Arne Musikforening. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor. Kirkekaffe på Sentrum.
- 24.12. Julaften – Luk. 2,1-14**
Arna kl. 12.30. Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 13.45. Trygve Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 15.00. Trygve Johansen. Takkoffer til Diakoniutvalet.
Arna kl. 16.15. Trygve Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Ytre Arna kl. 15.00. Kjell Nese. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor. Arna Skulemusikklag. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Ytre Arna kl. 16.15. Kjell Nese. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor. Arna Skulemusikklag. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Trengereid kl. 16.00. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Trengereidkoret tek del.
Takvam kl. 14.30. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- 5.12. 1. juledag – Joh. 1,1-14**
Arna kl. 12.00. Kjell Nese. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
Ytre Arna kl. 12.00. Trygve Johansen. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Kyrkjekoret.
- 26.12. 2. juledag – Matt. 10,17-22**
Arna kl. 11.00. Ung Messe. Olav Vikse.
Trengereid kl. 11.00. Avskjedsgudsteneste. Kjell Nese. Nattverd.
- 29.12. S.e. jul. Jes. 63,7-9**
Arna kl. 11.00. Avskilsgudsteneste Kjell Nese. Keryx, kyrkjekora. Kyrkjekaffi.
- 31.12. Nyttårsaftan – Luk. 13,6-9**
Arna kl. 23.15. Midnattsmesse. Kjell Nese.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døpte

Arna sokn

- 20.10. Øystein Gulbrandsen Bøthun,
Daniel Sårheim Olsen
10.11. Arne Bogevik Nikolaisen,
Jonas Marselius Revheim,
Johs. Lekven,
Marcus Bøhm Garnes,
Hans Magnus Garnes,
Marthe Orvedal
17.11. Magnus Rørbakken,
Cecilie Lauve Førland,
Lars-Martin Hagebø
Helland

Ytre Arna sokn

- 22.09. Aksel Sagstuen Birkeland,
Lisa Vågenes Wille
13.10. Hanne Birkeland Heitmann,
Mikal Kristoffersen
10.11. Stine Eliassen Bølstad
17.11. Silje Nordvik Akselberg

Døde

Arna sokn

- 11.09. John Ingemann Træland
19.10. Leif Gjerde
22.10. Ragnar Karstein Skauge
25.10. Per Halgrim Ølstad,
Gunhild Thunes

- 28.10. Rolv Storm Sjursen
29.10. Jakob Johan Langenes
05.11. Turid Tveranger



Vigde

Ytre Arna sokn

- 28.09. Laila Thunes og Trond Hvidsten
Haugland
26.10. Anne-Sofie Markhus og Hans
Kristian Paulsen

Ofringar

Arna sokn

- 13.10. Alpha kr. 7.868,00
20.10. Dåpsopplæringsutv. kr. 4.974,50
27.10. Barne- og ungprosjekt kr. 3.587,50
10.11. Dåpsopplæringsutv. kr. 2.698,00
10.11. Dåpsopplæringsutv. kr. 4.168,50
17.11. Gideon kr. 5.649,00

Neste nummer av Kyrkelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet utkommer 22. januar. Frist for levering av stoff til dette nummeret er 7. januar.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktør: Audun Stølås.

Redaksjonsnemnd: Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

Bladpengar: Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

Bispevisitas

Biskop Ole D. Hagesæther kjem på visitas til Arna prestegjeld i tida onsdag 29. januar til søndag 2. februar. Biskopen skal mellom anna ha skulegudstenester både i Arna og Ytre Arna, delta på eldretreff i Arna eldresenter, møte Klubben for psykisk utviklingshemma og delta på ungdomsgudsteneste i Arna kyrkje. Han skal vitja aldersheimen og møta dei tilsette i Arna bydel. Visitasprogrammet kjem i neste nummer av Kyrkjelydsbladet.

Visitasgudstenesta vert i Arna kyrkje søndag 2. februar kl. 11.00 med visitasmøte i Kyrkjelydsdhuset etter

Familiejulefest Ytre Arna


Det blir familiejulefest i Ytre Arna bedehus
27. desember kl.

18.00

Sang ved Barnekoret
Andakt ved Solfrid Stein
Juleopptrinn ved Søndagsskolen
Juletregang, Bevertning

Julefest Ytre Arna

4. januar blir det julefest på Ytre Arna bedehus



Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Christopher David Briggs
Pb 161 Indre Arna
5888 Bergen
Tlf. 55 24 40 55

Administrasjonsleiar
Berte Marie Ulveseter
Kjelånæ 71, 5264 Garnes
Tlf. 55 53 00 26

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kateket Hans-Petter Dahl
Holalien 4a, 5163 Laksevåg

Kyrkjetenar Arna
Jarle A. Sandvik
Tlf. 55 24 04 00

Sivilarbeidar Bjarte Abildgaard
Garnesrenen 3, 5264 Garnes
Tlf. 55 24 23 07

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5131 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Veble Birkeland
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjetenar Ytre Arna
Sylvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: arna.menighet@bkf.no
Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15. Fax. 55 24 47 05. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydsdhuset, Indre Arna.

Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kantor i Ytre Arna, **Siri Brunvoll** og kyrkjetenar i Ytre Arna, **Sylvi Sæle** har kontor i **Kyrkjelydsdhuset, P. Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna.** Tlf. 55 24 85 46. Fax. 55 39 02 46.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall
i Arna, Osterøy og omegn.



SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet
BYRÅ Kommer også hjem for samtale.
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere

Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33



HVORDAN HAR DU DET
egentlig?



Kirkens SOS 815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Frøydig
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes

Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Kranser, buketter,
opsatser

TLF. 55 24 08 09

Espeland Gartneri

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

Din lokale
storbank
i Arna!

Nordea

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.

Kleveland A.S
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennene,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87



Keryx – eit travelt kor

Keryx er eit Ten-Sing kor, som øver kvar torsdag i kyrkjelydshuset i Arna. Øvinga pågår i tida frå kl. 18.30-21.00. Her er det mykje spanande som skjer ... Først startar vi med oppvarming, og går deretter over til dei nydelege songane vi syng i koret. Vi er og så heldige at vi har eit band som spelar på musikkinstrumenta med full innleving! Etter ei økt med song og musikk samlast me for å høyra på presten vår Olav, som lærer alle korets medlemmer om Gud og Bibelen. Det er ei riktig fin stund som avsluttast med songen «Gå i fred» og «Fadervår». Så vert det sal av pizza og brus, for å dekke dei fysiologiske behova for koristane. Keryx er eit travelt kor, som har mykje for seg heile året! Men det er berre kjekt. Kvart år reiser vi på ein «bli

kjend weekend» i byrjinga av september for å verta kjend med dei nye koristane. Dei siste åra har me og vore så heldige å få lov til å ha konfirmantar med i koret. Her vert me kjent med kvarandre og Jesus, og stemma deira.

Ellers har vi år opptrådt i Ytre Arna bedehus på ungdomsmøteveka, og på kyrkjelydsbasar på kyrkjelydshuset for litt sida.

Vi hadde ein utruleg fin gospelkveld 16. november i Arna kyrkje. Der var det mykje flott song, både frå koret og tilskodarane. Det var også innslag av både drama og dans.

Den 24. november hadde vi Ung Messe. Koret hadde då ansvar for gudstenesta. Så kjem me til den tradisjonelle julekonserten på Øyrane Torg. Senteret der folk møtest ... Her har vi tre konsertar kl. 13.00, 14.00 og 15.00. Det vert også sal av vaflar og